

# 2024

## Årsmelding

## Kontrollutvalet

Kviteseid  
kommune

Vestfold, Telemark og Agder kontrollutvalgssekretariat IKS

[www.vetaks.no](http://www.vetaks.no)

# Innheld

1. Innleing .....	2
1.1 Kontrollutvalet si samansetjing .....	3
Det vart gjort nytt val i kommunestyret 29.08.24, sak 52/24. Halvor Nyland gjekk ut som fast medlem og Magny Lundeberg blei valt inn. I kommunestyret 05.12.24, sak 84/24 fekk Erik Hesby (Krf) fritak som vara til utvalet. Thor Arne Heggveit (Krf) blei valt som nytt varamedlem. Etter dei to nyvala er kontrollutvalet samansett slik: ...	3
1.2 Rammer for kontrollutvalet sitt arbeid .....	4
2. Kontrollutvalet sine ressursar.....	5
2.1 Sekretariatet.....	5
2.2 Revisjonen .....	5
2.3 Økonomi.....	6
3. Kontrollutvalet si verksemd.....	6
3.1 Rekneskapsrevisjon .....	7
3.2 Forvaltningsrevisjon/eigarskapskontroll .....	8
3.3 Påsjåansvar økonomiforvaltning .....	9
3.4 Anna arbeid i utvalet .....	9
4. Vedlegg .....	11
4.1     Oversikt over saker handsama i utvalet .....	11
4.2 Kjelder til informasjon .....	13

## **1. Innleiing**

Kontrollutvalet sitt arbeid skal bidra til å styrke tilliten til lokaldemokratiet. Utvalet meiner å ha bidratt til dette og vil takke kommunestyret, administrasjonen og revisjonen for samarbeidet.

Årsmeldinga er ei oppsummering av verksemda i kontrollutvalet gjennom året. Sakene til utvalet ligg på sekretariatet si heimeside: [www.vetaks.no](http://www.vetaks.no)/Kviteseid kommune. På [www.vetaks.no](http://www.vetaks.no) finn du og møtekalender, informasjon om kurs og konferansar, nyttige lenker om kontrollutvalet si verksemd og annan relevant informasjon.

Kommunestyret har det øvste ansvaret for å kontrollere kommunen si verksemd. Kontrollutvalet skal føre kontroll på kommunestyret sine vegner, og skal utøve arbeidet sitt i tråd med kommunelova og forskrift om kontrollutval og revisjon. Kontrollutvalet kan i prinsippet ta opp eitkvart forhold ved kommunen si verksemd så lenge det kan definerast som kontroll, men kan ikkje overprøve politiske prioriteringar som er vedtekne av kommunen sine folkevalde organ.

Kontrollutvalet skal i tråd med kommunelova § 23-5 «*rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget*». Formålet med kontrollutvalet si årsmelding er difor å rapportere på utvalet sitt arbeid, opp mot kontrollutvalet sine lovpålagde oppgåver og møteplan. Årsmeldinga gir òg eit bilet av den formelle rolla og instruksen til utvalet, og høvet til revisjonen og sekretariatet, i tillegg til dei viktigaste sakene som er handsama gjennom året.

## **1.1 Kontrollutvalet si samansetjing**

Kontrollutvalet blei vald på det konstituerande kommunestyremøtet for perioden 2023-2027, hausten 2023, etter krava til valbarheit av kontrollutvalsmedlemmane jf. kommunelova §23-1 tredje ledd.

Det har i løpet av 2024 vore valt nytt kontrollutval to gonger. Dette på grunn av at eit medlem og eit varamedlem i utvalet fekk verv i kommunen sitt omstningsstyre.

Kontrollutvalet består av fem medlemmar og fem varamedlemmar. Utvalet såg før nyval slik ut:

Faste medlemmer		Varamedlemmer	
Leiar:	Einar Søreide (Ap)	Vara Ap/H:	Magny Lundeberg (Ap)
Nestleiar:	Silje Aakre (Ap)	Vara Ap/H:	Geir Kjartan Lid (Ap)
Medlem:	Anne Odny Foldøy (Krf)	Vara Ap/H:	Halvor Sandland (H)
Medlem:	Halvor Nyland (H)		
Medlem:	Hans Øy (Sp)	Vara Sp/Krf:	Erik Hesby (Krf)
		Vara Sp/Krf:	Steinar Torsdal (Sp)

Det vart gjort nytt val i kommunestyret 29.08.24, sak 52/24. Halvor Nyland gjekk ut som fast medlem og Magny Lundeberg blei valt inn. I kommunestyret 05.12.24, sak 84/24 fekk Erik Hesby (Krf) fritak som vara til utvalet. Thor Arne Heggtveit (Krf) blei valt som nytt varamedlem. Etter dei to nyvala er kontrollutvalet samansett slik:

Faste medlemmer		Varamedlemmer	
Leiar:	Einar Søreide (Ap)	Vara Ap/H:	Geir Kjartan Lid (Ap)
Nestleiar:	Silje Aakre (Ap)	Vara Ap/H:	Halvor Sandland (H)
Medlem:	Anne Odny Foldøy (Krf)		
Medlem:	Magny Lundeberg (Ap)	Vara Sp/Krf:	Thor Arne Heggtveit (Krf)
Medlem:	Hans Øy (Sp)	Vara Sp/Krf:	Steinar Torsdal (Sp)

## **1.2 Rammer for kontrollutvalet sitt arbeid**

Ansvaret til kontrollutvalet følgjer av kommunelova §23-2 første ledd: «*Kontrollutvalget skal påse at:*

- *kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte*
- *det føres kontroll med at den økonomiske forvaltningen foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak*
- *det utføres forvaltningsrevisjon av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, og av selskaper kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser i*
- *det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper mv. (eierskapskontroll)*
- *vedtak som kommunestyret eller fylkestinget treffer ved behandlingen av revisjonsrapporter, blir fulgt opp»*

Utover dette kan kontrollutvalet ta opp eitkvart spørsmål ved kommunen si verksemد som er knytt til ansvarsområdet til utvalet. Det er berre lovverket, kommunestyret og utvalet sjølv som kan påleggje kontrollutvalet oppgåver og saker, eller setje grenser for kva saker utvalet kan handsame.

Kontrollutvalet har omfattande innsynsrett. Blant anna kan utvalet utan å bli hindra av teieplikt, krevje ei kvar opplysning, utgreiing eller eitkvart dokument og foreta dei undersøkingar som det finn naudsynt for å gjennomføre oppgåvene.

Leiaren av utvalet har møte- og talerett i kommunestyret når dei handsamar saker frå utvalet. Leiaren kan la eitt av dei andre medlemmane i utvalet utøve denne retten på sine vegner. Kontrollutvalet har rett til å vere til stades i lukka møte i folkevalde organ i kommunen.

Kontrollutvalet har ikkje høve til å føre kontroll med kommunestyret eller overprøve politiske prioriteringar eller kor politisk føremålstenleg eit vedtak er. Kontrollutvalet kan likevel uttale seg om kommunestyret eller anna folkevald organ er i ferd med å treffe eller har treft eit ulovleg vedtak.

Aktørane i eigenkontrollen er kommunestyret, kontrollutvalet saman med sekretariatet, kommunedirektøren og revisor. Ein god eigenkontroll krev samspel mellom desse. For at dette samspelet skal fungere, er det naudsynt at aktørane kjenner både sin eige og kvarandre sine roller.

## 2. Kontrollutvalet sine ressursar

### 2.1 Sekretariatet

Kontrollutvalssekretariatet er støttespelar for kontrollutvalet og er viktig for eit godt og effektivt kontrollarbeid i kontrollutvalet. Sekretariatet skal etter kommunelova § 23-7, 2. ledd, sjå til at dei sakene som kontrollutvalet handsamar er forsvarleg utgreidd og at utvalet sine vedtak blir iverksette. Sekretariatet hjelper kontrollutvalet med mellom anna oppgåver knytte til administrasjon, rådgiving og koordinering.

Kommunen er medeigar i, og kontrollutvalet får sekretariattenester frå Vestfold, Telemark og Agder kontrollutvalgssekretariat IKS (VETAKS). Med oppdrag for 34 kommunar og 3 fylkeskommunar i Agder, Vestfold og Telemark er VETAKS eitt av landets største kontrollutvalssekretariat. Sekretariatet har 9 tilsette og fast sekretær for kommunen var i 2024 Ingebjørg Liland. Dagleg leiar er Line Bosnes Hegna.

Sekretariatet si heimeside er [www.vetaks.no](http://www.vetaks.no). Her finns informasjon om kontrollutvalet, møte, saker og sekretariatet.

### 2.2 Revisjonen

Kommunen er medeigar i, og har avtale om levering av revisjonstenester med Vestfold og Telemark revisjon IKS. Selskapet utfører rekneskapsrevisjon, forenkla etterlevingskontroll, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for kommunen. I tillegg kan revisor gjennomføre andre oppdrag etter avtale.

Oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor er Hilde Vatnar og Teamleiar rekneskapsrevisjon er Valeria Sunde. Oppdragsansvarlege forvaltningsrevisorar er Kirsti Torbjørnson, Bente Hegg Ljøsterød og Anne Hagen Stridsklev.

Revisjonen si heimeside er [www.vtrevision.no](http://www.vtrevision.no). Her finns mellom anna revisjonen sine rapportar.

## 2.3 Økonomi

For å kunne utføre sin lovpålagde kontrollfunksjon på ein god måte er det viktig at kontrollutvalet er gitt tilstrekkeleg med ressursar. Kontrollutvalet utarbeider årleg forslag til budsjett for kontollarbeidet i kommunen. Dette skal følgje innstillinga til årsbudsjett til kommunestyret.

	Budsjett 2024	Rekneskap 2024
Møtegodtgjersle og andre lønnsutgifter	55 000	26 494
Andre driftsutgifter	56 000	54 481
<b>Sum kontrollutval</b>	<b>111 000</b>	<b>80 975</b>
Sekretariat	127 937	127 938
Revisjon	714 300	714 300
<b>Totalt</b>	<b>953 237</b>	<b>923 213</b>

## 3. Kontrollutvalet si verksemd

Kontrollutvalet har i 2024 halde 4 møte og handsama 33 saker.

Kontrollutvalet har nokre lovpålagde saker, som i hovudsak er knytte til rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Desse er omtalte i eigne delkapittel.

Gjennom året står kontrollutvalet fritt til å ta opp dei sakene og halde dei møta utvalet ynskjer. Døme på andre typar saker kontrollutvalet kan ha oppe gjennom året, er årsmelding, budsjettsak og møte- og arbeidsplan.

Ei fullstendig oversikt over sakene som er handsama i kontrollutvalet er vist i vedlegg 1.

Møta i kontrollutvalet er opne for publikum med unnatak av dei tilfella kor det etter lov og forskrift er pålagt å lukke møtet.

Saksdokumenta og protokollane vert fortløpande publiserte på sekretariatet si heimeside:

[VETAKS | Vestfold, Telemark og Agder Kontrollutvalgssekretariat IKS](#)

### **3.1 Rekneskapsrevisjon**

Kontrollutvalet sine oppgåver i samband med rekneskapsrevisjon er regulert i forskrift om kontrollutval og revisjon § 3:

*Kontrollutvalget skal holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at*

- A. *kommunens eller fylkeskommunens årsregnskaper blir revidert på en betryggende måte*
- B. *regnskapsrevisjonen utføres i samsvar med lov, forskrift og kontrollutvalgets instrukser og avtaler med revisor*
- C. *regnskapsrevisjonen blir utført av revisorer som oppfyller kravene i kapittel 2 og 3.*

*Kontrollutvalget skal uttale seg til kommunestyret eller fylkestinget om årsregnkapene og årsberetningene før formannskapet eller fylkesutvalget innstiller til vedtak.*

*Kontrollutvalget skal påse at regnskapsrevisorens påpekinger etter [kommuneloven § 24-7 til § 24-9](#) blir rettet eller fulgt opp. Hvis påpekningene ikke blir rettet eller fulgt opp, skal kontrollutvalget rapportere det til kommunestyret eller fylkestinget.*

Kontrollutvalet har hatt god dialog med rekneskapsrevisor i 2024. Teamleiar rekneskapsrevisjon har gjennom året jamleg deltatt i utvalets møter, og oppdatert utvalet på arbeidet med gjennomføring av rekneskapsrevisjonen.

Kontrollutvalet handsamar kvart haust revisjonsplan for rekneskapsrevisjonen. I samband med handsaminga av årsrekneskapen i møtet 04.05.2024 handsama utvalet revisor sin rapport til kontrollutvalet der revisor gjorde greie for utført revisjon for årsrekneskapen 2023.

Kontrollutvalet har ikkje mottat nummererte brev frå revisor i 2024.

Kontrollutvalet uttalte seg om årsrekneskapen og årsmeldinga til kommunestyret i sak 11/24. Kontrollutvalet tilrådde godkjenning av årsrekneskapen og årsberetninga.

### **3.2 Forvaltningsrevisjon/eigarskapskontroll**

Kommunelova pålegg kontrollutvalet å utarbeide ein plan for forvaltningsrevisjon og ein plan for eigarskapskontroll. Kommunelova §§ 23-3 og 23-4 viser dette.

Forvaltningsrevisjon inneber å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, regeletterleving, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak.

Eigarskapskontroll inneber å kontrollere om den som utøver eigarinteressene til kommunen, gjer dette i samsvar med lover og forskrifter, vedtaka i kommunestyret og godkjente prinsipp for eigarstyring.

Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden, og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, utarbeide ein plan som viser på kva område det skal gjennomførast forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontrollar. Plan for forvaltningsrevisjon skal basere seg på ei risiko- og vesentlegheitsvurdering av verksemda i kommunen og i kommunen sine selskap. Plan for eigarskapskontroll skal basere seg på ei risiko- og vesentlegheitsvurdering av kommunen sine eigarskap. Føremålet med risiko- og vesentlegheitsvurderinga er å finne ut kor det er størst behov for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.

Planane blir vedtekne av kommunestyret sjølv. Kommunestyret kan gi kontrollutvalget mynde til å gjere endringar i planen.

Kontrollutvalget handsama i møte 14.05.24 sak 14/24 plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll 2024 – 2027. Planen blei godkjend av kommunestyret i møte 13.06.24 sak 31/24.

Plan for forvaltningsrevisjon 2024-2027:

1. Grunnskule
2. Helse og omsorg

Plan for eigarskapskontroll 2024-2027:

1. Generell eigarskapskontroll

### **3.3 Påsjåansvar økonomiforvaltning**

Kontrollutvalet skal sjå til at det først kontroll med at den økonomiske forvaltninga går føre seg i samsvar med gjeldande bestemmingar og vedtak (kommunelova § 23-2, 1. ledd bokstav b.).

Rekneskapsrevisor legg årleg fram ein rapport på utført forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga. I møtet 14.05.2024 la revisor fram rapport om etterlevingskontroll av attestasjon og tilvising av inngåande fakturaer. Revisjonen si uttale inneheldt inga merknader.

### **3.4 Anna arbeid i utvalet**

Administrasjonen har ved fleire høve blitt invitert til kontrollutvalet for å orientere om ulike verksemderområde i kommunen. Kontrollutvalet ynskjer å vere synleg og ha god kontakt med leiinga i kommunen. Kommunedirektøren og representantar for kommunedirektøren har delteke på fleire av møta i utvalet, noko kontrollutvalet oppfattar som ein styrke i arbeidet sitt.

## **Kurs og konferansar**

Det blir stilt stadig større krav og forventningar til kompetansen til kontrollutvalet, både frå det politiske miljøet og innbyggjarane i kommunen. Kunnskap om rolla til kontrollutvalet, oppgåver og lovverk er naudsynt for å utføre dei oppgåvene som går fram av lov og forskrift.

Kontrollutvalet var representert på følgjande kurs og konferansar i 2024:

- NKRF sin kontrollutvalskonferanse, januar 2024
- VETAKS haustkonferanse, november 2024

Kviteseid kommune 25.02.2025.

Kontrollutvalet

## **4. Vedlegg**

### **4.1 Oversikt over saker handsama i utvalet**

#### **Møte 13.02.2024**

- 1/24 - Samspel mellom kontrollutvalet og ordførar og kommunestyret
- 2/24 - Samspel mellom kontrollutvalet og kommunedirektøren
- 3/24 - Habilitet og eigarinteresser
- 4/24 - Kommunedirektøren sin internkontroll
- 5/24 - Oppfølging av forvaltningsrevisjon om innkjøp
- 6/24 - Vurdering av forvaltningsrevisors sjølstende 2024
- 7/24 - Forankring og innspel - risiko- og vesentlegheitsvurdering som grunnlag for plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll 2024-2028
- 8/24 - Orientering frå revisor 13.02.24
- 9/24 - Innspel til kontrollarbeid 13.02.24

#### **Møte 14.05.2024**

- 10/24 - Revisor sin oppsummering om rekneskapsåret 2023
- 11/24 - Årsrekneskap 2023 for Kviteseid kommune - kontrollutvalet si uttale
- 12/24 - Oppfølging etter revisors fråsegn om forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga 2022
- 13/24 - Oppfølging av forvaltningsrevisjon om innkjøp
- 14/24 - Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll 2024-2028
- 15/24 - Forenkla etterlevingskontroll 2023
- 16/24 - Handtering av henvendelser til kontrollutvalet
- 17/24 - Kontrollutvalet si årsmelding 2023
- 18/24 - Innspell til kontrollarbeid 14.05.24

#### **Møte 17.09.2024**

- 19/24 - Etikk og varsling
- 20/24 - Oppfølging etter forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga 2022.
- 21/24 - Eigenvurdering av rekneskapsrevisors uavhengigheit 2024

22/24 - Revisjonsplan for rekneskapsrevisjon 2024

23/24 - Risiko- og vesentlegheitsvurdering for forenkla etterlevingskontroll 2024

24/24 - Budsjett for kontrollarbeid 2025

25/24 - Referatsaker 17.09.24

26/24 - Innspel til kontrollarbeid 17.09.24

**Møte 26.11.2024**

27/24 - Orientering om kommunedirektørens forslag til budsjett for Kviteseid 2025

28/24 - Orientering - Postjournal og journalføring av e-post

29/24 - Behandling av prosjektplan for eigarskapskontroll

30/24 - Kontrollutvalet sin møte- og arbeidsplan 2025

31/24 - Orientering frå revisor 26.11.24

32/24 - Referatsaker 26.11.24

33/24 - Innspel til kontrollarbeid 26.11.24

## **4.2 Kjelder til informasjon**

### **Lover og forskrifter**

Kommuneloven (<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2018-06-22-83?q=kommune>)

Offentleglova (<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2006-05-19-16?q=offentlig>)

Forvaltningsloven (<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1967-02-10?q=forvaltning>)

Forskrift om kontrollutvalg og revisjon (<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2019-06-17-904?q=kontrollutvalg>)

### **Rettleiingar**

Kontrollutvalsboka

(<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/kontrollutvalsboka/id2893214/>)

Veileder til kontrollutvalgs- og revisjonsforskriften

(<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/veileder-til-kontrollutvalgs-og-revisjonsforskriften/id2838745/>)

### **Samarbeidspartnarar og bransjeorganisasjonar**

Forum for kontroll og tilsyn ([www.fkt.no](http://www.fkt.no))

NKRF – kontroll og revisjon i kommunene ([www.nkrf.no](http://www.nkrf.no))

Forvaltningsrevisjonsregisteret ([www.forvaltningsrevision.no](http://www.forvaltningsrevision.no))

Nasjonal tilsynskalender (<https://tilsynskalender.statsforvalteren.no>)

### **Sekretariatet si heimeside**

Sekretariatet si heimeside ([www.vetaks.no](http://www.vetaks.no))

Kontrollutvalet sine sakspapir (<https://opengov.360online.com/Meetings/VETAKS>)